


# Aktuell utdanningsstatistikk



**Vidaregående opplæring**

Nøkkeltal 2000



**5/2000**

## Aktuell utdanningsstatistikk

I *Aktuell utdanningsstatistikk* blir statistikk på ulike emneområde innafor utdanningsstatistikken publisert.

**Hugs å gje opp kjelde:** Aktuell utdanningsstatistikk/Statistisk sentralbyrå.

**Ansvarleg seksjon:** Seksjon for befolknings- og utdanningsstatistikk.

**Redaktør:** Elisabetta Vassenden.

**Redaksjonsmedarbeidrarar:**

Tor Jørgensen, tlf. 62 88 52 69, e-post:  
Tor.Jorgensen@ssb.no, Elin Såheim Bjørkli,  
tlf. 62 88 51 06, e-post:  
Elin.Saheim.Bjorkli@ssb.no, faks 62 88 52 89.

**Redigering:** Randi Øiseth

**Prisar:** Per år kr 440,00 inkl. mva. Enkelt-  
nummer kr 60,00 inkl. mva.

**Spørsmål om sal kan rettast til :**

Statistisk sentralbyrå, Salg- og abonnement-  
service, N-2225 Kongsvinger, tlf. 62 88 55 00,  
faks 62 88 55 95,  
e-post: salg-abonnement@ssb.no.

ISSN 1500-4295  
F-4104/00

## Innhald

### Del I. Oversiktsdel

1. Vidaregåande opplæring generelt	3
2. Søkjarar og elevar i vidaregåande opplæring	4
3. Fagopplæring i arbeidslivet	9
4. Oppfølgingstenesta	11

### Del II. Temadel

5. Val av yrkesfag og allmennfag i Noreg	12
6. Internasjonale samanlikningar om vidaregåande opplæring	14

### Vedleggstabellar

1. Eigne primærsojkjarar til grunnkurs, etter alder og studieretning. 2000.....	18
2. Elevar i vidaregåande opplæring, etter alder, kurstrinn og studieretning. 1. oktober 1999 .....	19
3. Skolar og klassar. 1990-1999 .....	20
4. Vidaregåande opplæring. Løpende lærekontraktar, etter lærefylke. 31. desember 1993-1999 .....	20
5. Omfang av elevar og lærlingar, etter bustadfylke. Prosent av eit årskull. 1. oktober 1993-1999 .....	21

## Elektronisk formidling

Forutan papirutgåva finst publikasjonen i elektronisk versjon under SSB si webteneste på Internett. Adressa er <http://www.ssb.no>. Tabellane kan lastast ned i Excel.

## Andre tabellar

Spesialtabellar kan tingast frå Statistisk sentralbyrå.

## Standardteikn

Standardteikn i tabellar	Symbol
Tal er umogleg	.
Oppgåve manglar	..
Oppgåve manglar førebels	...
Tal kan ikkje offentleggjera	:
Null	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	0,0
Førebels tal	*
Brot i den loddrette serien	—
Brot i den vannrette serien	
Retta sidan førre utgåve	r
Desimalskiljeteikn	,(.)

## Innleiing

Gjennom *Aktuell utdanningsstatistikk* ønskjer Statistisk sentralbyrå å gjøre utdanningsstatistikken tilgjengeleg og meir aktuell. Statistisk sentralbyrå ønskjer også å presentere eit breiare spekter av statistikk om elevar og studentar i Noreg. Serien prøver også å dekkje behova for nøkkeltal for utdanningssektoren.

*Aktuell utdanningsstatistikk* er finansiert av Statistisk sentralbyrå og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet i fellesskap. Både Statistisk sentralbyrå og Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet medverkar med materiale til publikasjonsserien. Statistisk sentralbyrå har det redaksjonelle ansvaret for publikasjonane og står ansvarleg for den faglege kvaliteten.

*Aktuell utdanningsstatistikk* blir gjeve ut ca. 10 gonger årleg, og inneholder mellom anna sektorpublikasjonar for grunnskolar, vidaregåande skolar, universitet og høgskolar og voksenopplæring. Det blir også gjeve ut ein publikasjon med hovudtal for alle sektorane.

Denne publikasjonen inneholder statsistikk over vidaregåande opplæring. Sentralt står statistikk over søkjarar og elevar, og over fagopplæring i arbeidslivet og opplæringstenesta. I ein eigen temadel ser vi nærmare på val av yrkesfag og allmennfag i Noreg og i andre land.

# 1. Vidaregåande opplæring generelt

## 1.1. Kva er vidaregåande opplæring ?

Vidaregåande opplæring byggjer på grunnskolen og høyrer normalt heime i 11.-13. skoleår.

Opplæringa tek sikte på å utvikle dugleik, forståing og ansvar i forhold til fag, yrke og samfunn, legge eit grunnlag for vidare utdanning og hjelpe elevane/lær-lingane i deira personlege utvikling.

Vidaregåande opplæring skal normalt føre fram til studiekompetanse, fagbrev/sveinebrev eller annan yrkeskompetanse. Dei som ikkje oppnår slik kompetanse, får dokumentasjon på den kompetansen dei har oppnådd. Fylkeskommunen har ansvar for drift og utvikling av vidaregåande opplæring og har lovfesta plikt til å skaffe nok skoleplassar.

### Om statistikken

Tala omfattar elevar og lærlingar under opplæringslova. Data blir presenterte på landsbasis, men også på fylkesnivå på nokre område. Hovudgrunnlaget for statistikken er basert på faste rapporteringar fra fylkeskommunane til Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (KUF). Elevstatistikken er per 1. oktober, mens lærlingstatistikken er per 31. desember. Tala omfattar ikkje elevar i folkehøgskolar eller på arbeidsmarknadskurs (AMO). Elevar i private vidaregåande skolar som ikkje får offentleg tilskot, er heller ikkje med. Statistikk over utdanningsnivå er henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB) sitt register over høgaste fullførte utdanning.

Statistikken i temadelen er henta frå fylkeskommunanes faste rapporteringar til KUF, OECDs publikasjon «Education at a Glance - Indicators 2000» og frå Eurostats publikasjon «Key Data on Education in Europe 1999/2000 ». Publikasjonane frå OECD og Eurostat er baserte på datainnsamling frå dei forskjellige landa. Tabellane som er henta frå desse publikasjonane, avvik noko frå tabelloppsettet elles.

Skoleåret 2000/01 kan elevane velje mellom 15 grunnkurs. Det er to fleire enn tidlegare år. Dei to nye grunnkursa er sal- og service og medie- og kommunikasjon. Begge grunnkursa rekrutterer til yrkeskompetanse. Dei 15 ulike grunnkursa er:

- Allmenne, økonomiske og administrative fag
- Musikk, dans og drama
- Idrettsfag
- Elektrofag
- Helse- og sosialfag
- Hotell- og næringsmiddelfag
- Formgjevingsfag
- Naturbruk

- Byggfag
- Tekniske byggfag
- Mekaniske fag
- Kjemi- og prosessfag
- Trearbeidsfag
- Sal- og service
- Medie- og kommunikasjon

Etter grunnkurs blir det ein spesialisering i vidaregåande kurs I og II (VK I og VK II). I fag som rekrutterer til opplæring i arbeidslivet, går den avsluttande opplæringa føre seg i ei bedrift. Læretida i bedrifta består normalt av eitt års opplæring og eitt års verdiskaping. Innak til vidaregåande kurs I skjer på bakgrunn av fullført grunnkurs.

## 1.2. Datakjelder

Fylkeskommunen har utvikla og eig eit edb-system for administrasjon av inntaket av elevar til kurs i den vidaregåande skolen - Lokale inntaksdata (LINDA-inntak). Systemet er individbasert. Rapporteringa skjer elektronisk til KUF fire gonger i året. Data blir tilverka og presentert i pressemeldingar og i andre forum. Fylkeskommunen har også eit anna administrasjonssystem- LINDA-fagopplæring. Systemet omfattar mellom anna formidling av lærlingar, registrering av lærlingar, læringskontraktar, administrasjon av tilskotsordningar og gjennomføring av fag-/sveineprøver. Tala blir henta inn på same måte som ved LINDA- inntak. Data for oppfølgingstenesta blir rapportert manuelt frå fylkeskommunen til KUF.

## 2. Søkjarar og elevar i vidaregåande opplæring

### 2.1. Søkjarar til vidaregåande opplæring

For å starte i vidaregåande opplæring, må søkeren normalt ha fullført grunnskole eller tilsvarende. Fylkeskommunen tek inn søkerar til grunnkurs og vidaregåande kurs, og bestemmer kva for vidaregåande skolar søkerane skal knytast til. KUF har fastsett nærmere reglar om inntak i forskrift<sup>1</sup>.

#### 2.1.1. Stabil søking til grunnkurs

Fellesinntaket omfattar det sentralstyrte inntaket til dei vidaregåande skolane i kvar fylkeskommune og registrerer berre søkerar til fylkeskommunale skolar. Av erfaring minkar talet på søkerar med om lag 10 prosent frå søknadsfristen i mars til endeleg ajourhald i oktober.

Til skoleåret 2000/01 var det i underkant av 150 500 søkerar til skoleplass i vidaregåande opplæring. Dette var om lag 3 000 færre søkerar enn to år tidlegare, og nesten 800 færre enn til skoleåret 1999/00. I same periode har talet på gutter og jenter i alderen 16-18 år også vorte redusert, men ikkje like mykje som reduksjonen i talet på søkerar.

Talet på søkerar til grunnkurs viser ein svak oppgang på i overkant av 600 elevar på landsbasis. Utviklinga er ikkje den same i alle fylkeskommunane. Frå skoleåret 1998/99 til 2000/01 hadde Akershus, Buskerud og Troms ein auke på høvesvis 138, 68 og 64 i talet på søkerar til grunnkurs. I same periode hadde Sør-Trøndelag og Oslo ein reduksjon på høvesvis 488 og 379 søkerar.


#### 2.1. Eigne primærsøkjarar til skoleplass<sup>1</sup>, etter alder. 1994, 1996, 1998-2000

Alder	1994	1996	1998	1999	2000
I alt .....	169 996	143 677	153 368	151 254	150 497
Under 17 år ..	56 030	50 725	51 141	49 810	50 217
17 år .....	34 627	46 751	46 999	47 192	46 065
18 år .....	24 442	20 979	30 661	32 208	32 879
19 år .....	14 202	7 188	8 235	8 142	8 034
20 år .....	9 658	3 787	3 619	3 516	3 674
21-25 år .....	18 991	8 305	6 551	5 225	4 884
26 år og eldre	12 046	5 942	6 162	5 161	4 744

<sup>1</sup>Tabellen inneheld berre søkerar til skoleplass ved fellesinntaket. Inkluderer søkerar på grunnkurs, VK I og VK II. På grunn av endringar i fylkeskommunane sin årsdefinisjon av søkerar ved fellesinntaket, kan ein ikkje direkte samanlikne desse tala.

Kjelde: LINDA-inntak/KUF.

Figur 2.1. Eigne primærsøkjarar<sup>1</sup> til grunnkurs. 1994-2000



<sup>1</sup>Tabellen inneheld kun søkerar til skoleplass ved fellesinntaket.  
Kjelde: LINDA-inntak/KUF.

#### 2.2. Eigne primærsøkjarar<sup>1</sup> til grunnkurs, etter bustadfylke. 1998-2000



Bustadfylke	1998	1999	2000
I alt .....	66 884	64 220	64 880
Østfold .....	3 557	3 463	3 365
Akershus .....	6 547	6 257	6 685
Oslo .....	5 243	5 049	4 864
Hedmark .....	2 752	2 723	2 755
Oppland .....	2 651	2 570	2 539
Buskerud .....	3 349	3 331	3 417
Vestfold .....	3 156	3 059	3 159
Telemark .....	2 676	2 434	2 490
Aust-Agder .....	1 819	1 629	1 699
Vest-Agder .....	2 773	2 645	2 598
Rogaland .....	6 080	5 931	6 109
Hordaland .....	6 814	6 687	6 621
Sogn og fjordane .....	1 740	1 707	1 788
Møre og Romsdal .....	4 118	3 919	3 954
Sør-Trøndelag .....	3 855	3 481	3 367
Nord-Trøndelag .....	2 035	1 911	2 042
Nordland .....	4 151	3 927	3 900
Troms .....	2 276	2 266	2 340
Finnmark .....	1 292	1 231	1 188

<sup>1</sup>Tabellen inneheld berre søkerar til skoleplass ved fellesinntaket.  
Kjelde: LINDA-inntak/KUF.

Med «eigne søkerar» er meint personar som søker skoleplass i fylkeskommunen der dei bur. «Primærsøkjarar» til eit kurs er søkerar som har dette kurset som det første aktive kursønsket sitt.

<sup>1</sup>Forskrift til opplæringslova, 28. juni 1999.

## 2.1.2. Søkjarar utan tilbod om skoleplass

Talet på søkerarar utan tilbod om skoleplass vart redusert frå om lag 3 000 i 1996 til vel 1 500 i 1999. Dette er søkerarar utan lovbestemt rett til vidaregåande opplæring.

### 2.3. Eigne primærsøkjarar<sup>1</sup> utan tilbod om skoleplass, etter alder og kurstrinn. 1996-1999

År	I alt	19 år	20 år	21-25 år	26 år og eldre
1996 .....	3 083	503	407	1 156	1 017
1997 .....	2 001	279	299	723	700
1998 .....	1 606	218	213	539	636
1999 .....	1 503	264	273	483	483
<b>1999</b>					
Grunnkurs .....	442	34	60	155	193
Vidaregående kurs I .....	510	66	69	191	184
Vidaregående kurs II .....	503	163	140	132	68
Utanfor nivå .....	48	1	4	5	38

<sup>1</sup>Søkjarar ved fellesinntaket. Søkjarar til lærepllass er ikkje inkludert.  
Kjelde: LINDA-inntak/KUF

## 2.2. Elevar

### Om statistikken

Tala i dei fleste tabellane i dette kapitlet omfattar både elevar på heiltid og deltid. I motsetning til SSB sin statistikk, inneholder ein del av tabellane også deltidselevar med mindre enn 300 undervisningstimar i året. Deltidselevane er omrekna til heiltidsekvalenter etter kor stor del av undervisning elevane mottek. Elevtala er så avrunda til nærmaste heile tal. Dette er hovudårsaka til avviket frå SSB sin ordinære statistikk.


### 2.2.1. Stadig færre elevar i vidaregåande opplæring

Omrekna til heiltidsekvalenter var det per 1. oktober 1999 i overkant av 164 200 elevar i vidaregåande opplæring. Elevane er fordelt på 9 200 klassar i over 500 skolar. Det registrerte talet på elevar er høgare enn talet på søkerarar. Årsaka til dette er at tabellen for elevar inkluderer alle elevar, også dei som ikkje er komne inn ved fellesinntaket. Dette gjeld mellom anna elevar tekne inn ved private skolar. Om lag 7 300 elevar gjekk på private skolar per 1. oktober 1999.

Studieretting for allmenne, økonomiske og administrative fag er studierettinga med flest elevar. I 1999 gjekk 42 prosent av elevane på grunnkurs på denne studierettinga. Denne delen har halde seg stabil dei siste åra.

I perioden frå 1995 til 1999 vart talet på elevar i vidaregåande opplæring redusert med om lag 16 500. Dette var ein nedgang på 9 prosent. Dette hadde samanheng med befolkningsutviklinga (færre 16-18 åringer), lågare omvalsfrekvens på grunn av betre gjennomstrøy-

Figur 2.2. Vidaregående opplæring. Elevar<sup>1</sup>  
1. oktober 1994-1999



<sup>1</sup>Inkluderer elevar på private, statlege og fylkeskommunale vidaregåande skolar. Deltidselevar er omrekna til heiltidsekvalenter og inkludert.  
Kjelde: LINDA-inntak/KUF.

### 2.4. Vidaregående opplæring. Elevar<sup>1</sup>, etter kurstrinn og studieretting. 1. oktober 1999

Studieretting	Kurstrinn			
	I alt <sup>2</sup>	Grunnkurs	VK I	VK II
I alt <sup>2</sup> .....	<b>164 228</b>	<b>59 715</b>	<b>54 499</b>	<b>42 597</b>
Allmenne, økonomiske og administrative fag .....	80 567	25 179	24 213	31 175
Musikk, dans og drama ..	4 367	1 594	1 390	1 383
Idrettsfag .....	6 196	2 245	2 009	1 942
Helse- og sosialfag .....	16 465	6 750	6 919	2 797
Naturbruk .....	3 903	1 520	1 327	1 056
Formgjevingsfag .....	12 191	5 517	4 472	2 202
Hotell- og næringsmiddelfag .....	5 865	3 359	2 458	47
Byggfag .....	4 753	2 354	2 341	59
Tekniske byggfag .....	1 816	802	794	221
Elektrofag .....	8 736	4 088	3 483	1 164
Mekaniske fag .....	10 250	5 447	4 283	520
Kjemi- og prosessfag .....	826	431	394	0
Trearbeidsfag .....	876	429	416	31
Utanfor studieretting ....	39	.	.	.
Teknisk fagskole .....	3 580	.	.	.
Tilrettelagt .....	3 798	.	.	.

<sup>1</sup>Inkluderer elevar på private, statlege og fylkeskommunale vidaregåande skolar. Deltidselevar er omrekna til heiltidsekvalenter og inkludert. Alle tala er avrunda til nærmeste heile tal. <sup>2</sup>I alt-summen i første rad stemmer ikkje med summen av kurstrinna. Tilrettelagt opplæring og tekniske fagskolar er ikkje fordelt på kurstrinn.  
Kjelde: LINDA-inntak/KUF.

ming og situasjonen på arbeidsmarknaden. I tillegg medførte innføringa av Reform 94 ein auke i talet på personar som søkte fagopplæring i staden for opplæring i skolen. Det er til dels store lokale forskjellar i utviklinga av talet på elevar. Størst prosentvis nedgang i denne perioden hadde Aust-Agder og Oppland på høvesvis 20 og 16 prosent. I Møre og Romsdal var nedgangen på berre 6 prosent, mens Akershus hadde ein auke på 0,5 prosent.

## 2.5. Elevar<sup>1</sup> i vidaregåande opplæring, etter bustadfylke. 1. oktober 1995-1999



Bustadfylke	1995	1996	1997	1998	1999
I alt .....	180 692	178 283	171 487	168 587	164 228
Østfold .....	9 540	9 387	9 182	9 090	8 723
Akershus .....	16 516	17 249	16 879	16 375	16 591
Oslo .....	14 833	12 972	13 585	13 388	13 164
Hedmark .....	7 421	6 865	6 928	6 720	6 687
Oppland .....	7 971	7 631	7 208	7 011	6 722
Buskerud .....	9 004	8 802	8 718	8 539	8 267
Vestfold .....	8 659	8 716	8 471	8 313	8 063
Telemark .....	6 860	6 746	6 658	6 280	5 983
Aust-Agder .....	5 079	4 730	4 315	4 296	4 088
Vest-Agder .....	6 885	7 109	6 739	7 104	6 251
Rogaland .....	16 417	17 159	15 214	15 291	15 224
Hordaland .....	18 558	19 112	17 647	17 243	16 706
Sogn og Fjordane	4 610	4 387	4 460	4 380	4 290
Møre og Romsdal	10 486	11 249	10 947	10 267	9 867
Sør-Trøndelag .....	10 896	10 387	9 863	9 930	9 875
Nord-Trøndelag .....	6 486	6 063	5 755	5 795	5 533
Nordland .....	11 160	10 756	10 015	9 968	9 493
Troms .....	6 383	6 140	5 927	5 881	5 957
Finnmark .....	2 927	2 823	2 976	2 717	2 743

<sup>1</sup>Inkluderer elevar ved private, statlege og fylkeskommunale vidaregåande skolar. Deltidselevar er omrekna til heiltidsekvivalentar og inkludert. Alle tala er avrunda til nærmeste heile tal.

Kjelde: For 1995 er tala henta frå VSI/KUF, mens dei er henta frå LINDA-inntak/KUF frå 1996.

## 2.6. Del jenter på grunnkurs i vidaregåande opplæring, etter studieretning. 1. oktober 1997-1999. Prosent



Studieretning	1997	1998	1999
I alt .....	49,8	49,3	48,7
Allmenne, økonomiske og administrative fag .....	55,4	54,0	52,9
Musikk, dans og drama .....	67,7	69,1	73,0
Idrettsfag .....	38,6	40,5	37,1
Helse- og sosialfag .....	89,6	90,8	89,5
Naturbruk .....	40,2	41,7	46,2
Formgjevingsfag .....	81,5	81,3	81,8
Hotell- og næringsfag .....	52,3	53,2	52,2
Byggfag .....	2,1	2,2	1,9
Tekniske byggfag .....	9,7	9,7	8,7
Elektrofag .....	3,7	4,4	3,9
Mekaniske fag .....	5,9	6,0	5,0
Kjemi- og prosessfag .....	40,4	39,3	33,4
Treårbeidsfag .....	26,4	21,1	20,5

Kjelde: LINDA-inntak/KUF.

## 2.2.2. Elevane vel tradisjonelt

Kjønnsfordelinga blant elevar på grunnkurs i vidaregåande opplæring har halde seg relativt stabil på dei fleste studierettingar i perioden 1997 til 1999. Elevane vel tradisjonelt, også etter innføringa av Reform 94. På studierettinga for helse- og sosialfag var i underkant av 90 prosent av elevane på grunnkurs jenter i 1999, mens det på studieretting for byggfag, elektrofag og mekaniske fag var 5 prosent eller færre jenter. På studierettingane for musikk, dans og drama auka delen jenter i perioden 1997 til 1999 frå 68 til 73 prosent, og for stu-

dieretting for naturbruk auka delen jenter frå 40 til 46 prosent. I same periode vart delen jenter redusert på studierettingane kjemi- og prosessfag og treårbeidsfag med 7 og 6 prosentpoeng.

## 2.2.3. Fleire elevar i private vidaregåande skolar

### Om statistikken

Tala omfattar private vidaregåande skolar som gjev opplæring etter opplæringslova.

I 1999 var det i overkant av 7 300 elevar i private vidaregåande skolar i Noreg. Desse fordele seg på 55 ulike skolar. Talet på elevar og skolar har halde seg forholdsvis stabilt sidan 1995. Frå 1998 til 1999 auka elevtalet med 114 elevar, eller 1,6 prosent. Samstundes gjekk elevtalet i dei fylkeskommunale skolane ned med 2,6 prosent.

## 2.7. Private vidaregåande skolar. Skolar og elevar 1. oktober 1995-1999



År	Skolar <sup>1</sup>	Elevar <sup>1</sup>
1995 .....	51	7 426
1996 .....	51	7 114
1997 .....	51	7 228
1998 .....	51	7 211
1999 .....	55	7 325

<sup>1</sup> Tala for skolar og elevar er gjennomsnittet av to årlege teljingar.

Kjelde: LINDA-inntak/KUF.

## 2.2.4. Minst stryk på studieretning for allmenne-, økonomiske og administrative fag

I underkant av 82 prosent av elevane som hausten 1998 var registrerte i utdanning innanfor opplæringslova, fullførte og bestod våren 1999 eit årskurs. Nesten 7 prosent fullførte utan å bestå årskurset. Nær 5 prosent av elevane slutta i løpet av året, og i underkant av 7 prosent fullførte kurs som er særskilt tilrettelagde innanfor læreplanverket eller mangla vurdering i eit eller fleire fag, for eksempel på grunn av stort fråvær.

Av elevane på grunnkurs bestod 79 prosent årskurset. I underkant av 7 prosent slutta i løpet av året. Studierettingane som rekrutterer til studiekompetanse, er dei studierettingane med den høgaste delen av elevane med bestått. Innan allmenne, økonomiske og administrative fag bestod over 86 prosent. For idrettsfag og musikk, dans og drama var delen bestått høvesvis 85 og 83 prosent. Hotell- og næringsmiddelfag var studierettinga med den lågaste delen bestått, med 63 prosent. Det var også flest elevar som slutta innanfor denne studierettinga saman med studieretting for tekniske byggfag.

På vidaregåande kurs I viser resultata den same tendensen som for grunnkurs. Det er dei studieførebuande studierettingane som har dei høgaste delane bestått. Men delen bestått ligg generelt høgare på vidaregåan-

**2.8. Elevar i vidaregåande opplæring i skole 1. oktober 1998, etter resultat våren 1999, kurstrinn og studieretning.**  
**I alt og prosent. Førebels tal**



Kurstrinn og studieretning	Resultat våren 1999					Prosent			
	Elevar I alt 01.10.98	Bestått	Ikke bestått	Manglar årskurs- bevis/ vitnemål. Annan vurdering	Slutta i løpet av året	Manglar årskurs- bevis/ vitnemål. Annan vurdering			
						Bestått	Ikke bestått	Slutta i løpet av året	
<b>I alt<sup>1</sup> .....</b>	<b>165 884</b>	<b>135 788</b>	<b>10 898</b>	<b>11 223</b>	<b>7 975</b>	<b>81,9</b>	<b>6,6</b>	<b>6,8</b>	<b>4,8</b>
<b>Grunnkurs .....</b>	<b>64 544</b>	<b>51 129</b>	<b>4 249</b>	<b>4 769</b>	<b>4 397</b>	<b>79,2</b>	<b>6,6</b>	<b>7,4</b>	<b>6,8</b>
Allmenne, økonomiske og administrative fag .....	28 177	24 371	1 098	1 603	1 105	86,5	3,9	5,7	3,9
Musikk, dans og drama .....	1 519	1 265	29	155	70	83,3	1,9	10,2	4,6
Idrettsfag .....	2 232	1 907	179	78	68	85,4	8,0	3,5	3,0
Helse- og sosialfag .....	7 662	5 570	679	729	684	72,7	8,9	9,5	8,9
Naturbruk .....	1 528	1 199	62	132	135	78,5	4,1	8,6	8,8
Formgjevingsfag .....	5 472	4 285	297	384	506	78,3	5,4	7,0	9,2
Hotell- og næringsmiddelfag .....	3 387	2 116	368	439	464	62,5	10,9	13,0	13,7
Byggfag .....	2 760	1 925	263	308	264	69,7	9,5	11,2	9,6
Tekniske byggfag .....	858	582	97	56	123	67,8	11,3	6,5	14,3
Elektrofag .....	3 897	3 172	360	164	201	81,4	9,2	4,2	5,2
Mekaniske fag .....	6 081	4 023	741	638	679	66,2	12,2	10,5	11,2
Kjemi- og prosessfag .....	464	364	40	22	38	78,4	8,6	4,7	8,2
Trearbeidsfag .....	507	350	36	61	60	69,0	7,1	12,0	11,8
<b>Vidaregående kurs I .....</b>	<b>58 748</b>	<b>49 978</b>	<b>2 772</b>	<b>3 525</b>	<b>2 473</b>	<b>85,1</b>	<b>4,7</b>	<b>6,0</b>	<b>4,2</b>
Allmenne, økonomiske og administrative fag .....	27 176	23 987	939	1 593	657	88,3	3,5	5,9	2,4
Musikk, dans og drama .....	1 412	1 193	51	137	31	84,5	3,6	9,7	2,2
Idrettsfag .....	1 976	1 715	92	127	42	86,8	4,7	6,4	2,1
Helse- og sosialfag .....	7 441	6 151	371	450	469	82,7	5,0	6,0	6,3
Naturbruk .....	1 441	1 143	83	118	97	79,3	5,8	8,2	6,7
Formgjevingsfag .....	4 451	3 805	148	202	296	85,5	3,3	4,5	6,7
Hotell- og næringsmiddelfag .....	2 724	2 141	182	171	230	78,6	6,7	6,3	8,4
Byggfag .....	2 376	1 921	158	189	108	80,9	6,6	8,0	4,5
Tekniske byggfag .....	756	583	59	59	55	77,1	7,8	7,8	7,3
Elektrofag .....	3 571	3 035	262	150	124	85,0	7,3	4,2	3,5
Mekaniske fag .....	4 578	3 574	397	283	324	78,1	8,7	6,2	7,1
Kjemi- og prosessfag .....	396	352	17	15	12	88,9	4,3	3,8	3,0
Trearbeidsfag .....	450	378	13	31	28	84,0	2,9	6,9	6,2
<b>Vidaregående kurs II i alt<sup>1</sup> .....</b>	<b>42 592</b>	<b>34 681</b>	<b>3 877</b>	<b>2 929</b>	<b>1 105</b>	<b>81,4</b>	<b>9,1</b>	<b>6,9</b>	<b>2,6</b>
<b>Gjev generell studiekompetanse .....</b>	<b>36 989</b>	<b>29 993</b>	<b>3 650</b>	<b>2 461</b>	<b>885</b>	<b>81,1</b>	<b>9,9</b>	<b>6,7</b>	<b>2,4</b>
Allmenne, økonomiske og administrative fag .....	32 108	26 138	3 116	2 108	746	81,4	9,7	6,6	2,3
Musikk, dans og drama .....	1 280	1 104	70	78	28	86,3	5,5	6,1	2,2
Idrettsfag .....	1 881	1 494	233	132	22	79,4	12,4	7,0	1,2
Naturbruk .....	415	309	53	29	24	74,5	12,8	7,0	5,8
Formgjevingsfag .....	1 305	948	178	114	65	72,6	13,6	8,7	5,0
<b>Fører fram til annan yrkeskompetanse .....</b>	<b>4 136</b>	<b>3 577</b>	<b>167</b>	<b>211</b>	<b>181</b>	<b>86,5</b>	<b>4,0</b>	<b>5,1</b>	<b>4,4</b>
Helse- og sosialfag .....	2 544	2 251	88	102	103	88,5	3,5	4,0	4,0
Naturbruk .....	804	686	44	40	34	85,3	5,5	5,0	4,2
Formgjevingsfag .....	519	433	15	38	33	83,4	2,9	7,3	6,4
Hotell- og næringsmiddelfag .....	23	23	-	-	-	100,0	-	-	-
Tekniske byggfag .....	219	161	16	31	11	73,5	7,3	14,2	5,0
Elektrofag .....	23	19	4	-	-	82,6	17,4	-	-
Trearbeidsfag .....	4	4	-	-	-	100,0	-	-	-
<b>Under opplæringslova, men VK II foregår i skole .....</b>	<b>1 467</b>	<b>1 111</b>	<b>60</b>	<b>257</b>	<b>39</b>	<b>75,7</b>	<b>4,1</b>	<b>17,5</b>	<b>2,7</b>
Elektrofag .....	1 164	873	51	207	33	75,0	4,4	17,8	2,8
Mekaniske fag .....	303	238	9	50	6	78,5	3,0	16,5	2,0

<sup>1</sup> I alt 773 elevar i fagopplæring i skole er ikkje med i tabellen. Resultatet av den vidaregåande utdanninga som desse elevane oppnår, blir først bestemt ved gjennomføring av fagprøve, som ikkje er ein del av dette statistikkgrunnlaget.

Kjelde: SSB

de kurs enn på grunnkurs. Studieretning for tekniske byggfag viser den lågaste delen bestått med 77 prosent. Det er relativt færre elevar som sluttar på vidaregåande kurs I enn på grunnkurs. I overkant av 4 prosent av elevane på vidaregåande kurs I slutta i løpet av året.

Vel 81 prosent av elevane på vidaregåande kurs II bestod årskurset. På vidaregåande kurs II var det ein større del av elevane på kurs som fører fram til annan yrkeskompetanse som bestod enn elevar på kurs som gjev generell studiekompetanse.

## 2.3. Omfanget av vidaregåande opplæring

### 2.3.1. Stadig lågare omfang i vidaregåande opplæring


#### Om statistikken

Omfangsberekningane i fylkeskommunane inkluderer elevar i dei fylkeskommunale vidaregåande skolane, godkjende statlege og private vidaregåande skolar, tekniske fagskolar, godkjende norske skolar i utlandet og elevar i fylkeskommunalt finansiert voksenopplæring. For lærlingane er berre opplæringsdelen med i omfanget.

SSB sin utdanningsstatistikk om vidaregåande utdanning inkluderer fleire skoleslag som ikkje er inkluderte i omfangsberekningane, fordi SSB har ansvar for å gje eit samla bilet av den totale utdanningsaktiviteten. SSB sin statistikk om vidaregåande opplæring inkluderer derfor også mellom anna folkehøgskolar og AMO-kurs.

1. oktober 1999 var omfanget av vidaregåande opplæring for heile landet på 339 prosent. Omfanget er blitt redusert med 11 prosentpoeng sidan 1998.

**Figur 2.3. Omfang av elevar og lærlingar. Prosent av eit årskull. 1. oktober 1993-1999**



Kjelde: LINDA-inntak/LINDA-fagopplæring/KUF

**2.9. 16-18 åringer registrerte som lærlingar eller elevar i vidaregåande skole, etter alder og bustadfylke. Prosent av registrerte årskull. 1. oktober 1996-1999.**



Bustadfylke	16-18 år	16 år	17 år	18 år
1996 .....	90,9	93,1	92,5	87,1
1997 .....	90,3	93,1	92,5	85,3
1998 .....	90,4	93,2	91,7	86,3
1999* .....	89,8	92,8	91,4	85,3
<b>1999*</b>				
Østfold .....	89,1	91,6	89,8	86,0
Akershus .....	89,8	93,1	91,3	85,0
Oslo .....	85,2	86,7	87,8	81,2
Hedmark .....	90,4	93,4	92,1	85,4
Oppland .....	90,7	94,1	91,4	86,8
Buskerud .....	89,7	91,9	91,0	86,4
Vestfold .....	90,8	93,9	93,0	85,6
Telemark .....	89,4	92,4	92,1	83,8
Aust-Agder .....	89,9	91,5	91,9	86,4
Vest-Agder .....	90,7	93,4	92,0	86,9
Rogaland .....	91,1	94,1	91,8	87,3
Hordaland .....	90,2	94,2	91,4	85,0
Sogn og Fjordane .....	89,6	93,7	91,1	84,0
Møre og Romsdal .....	88,8	91,9	89,6	84,8
Sør-Trøndelag .....	91,8	93,3	94,7	87,4
Nord-Trøndelag .....	91,8	95,1	93,9	86,6
Nordland .....	88,7	92,7	90,4	83,3
Troms .....	87,5	91,8	88,8	82,2
Finnmark .....	82,0	87,9	82,9	75,0

Kjelde: SSB.

### 2.3.2. Delen elevar og lærlingar av årskulla

1. oktober 1999 gjekk i underkant av 93 prosent av alle 16-åringar i vidaregåande opplæring. Det er ein liten reduksjon samanlikna med tala for 1998. Nord-Trøndelag var den fylkeskommunen med den høgaste delen i vidaregåande opplæring, mens Finnmark og Oslo er dei einaste fylkeskommunane med ein del på under 90 prosent. For 17-åringane er andelen redusert med berre 0,3 prosentpoeng frå 1998, mens det blant 18-åringane har vore ein reduksjon på 1 prosentpoeng.

# 3. Fagopplæring i arbeidslivet

Hovudmodellen for fagopplæringa, dvs. for fag under opplæringslova, er slik:

- Dei to første åra (grunnkurs og vidaregåande kurs I) skjer opplæringa i skolen. Den avsluttande opplæringa (vidaregåande kurs II) blir teken i lærebedrift. Som hovudregel skal opplæringa i bedrift kombinerast med eit år verdiskaping. Denne modellen blir kalla "2+2- modellen".
- Dersom det ikkje er mogleg å skaffe nok læreplassar, må fylkeskommunen tilby avsluttande opplæring i skolen. Dei som tek avsluttande opplæring i lærebedrift, og dei som fullfører yrkesutdanninga si i skolen, gjennomgår den same fagprøva, og får det same fag- eller sveinebrevet når prøva er bestått.

## Om statistikken

Data om fagopplæring i arbeidslivet er per kalenderår med teljetidspunkt 31.12. Dette er årsaka til avvik frå SSB sin ordinære statistikk om fagopplæring i arbeidslivet. Dersom ein person tek fleire prøver i perioden, er alle forsøka talde med i statistikken.

Nokre få fag avvik frå "2+2-modellen" ved at elevane startar opplæring i bedrift etter eitt år i skolen ("sær-løp") eller etter tre år i skolen ("avviksfag").

Lite skolemotiverte elevar kan etter sakkunnig vurdering ta heile opplæringa i bedrift, men krava til teori og praksis er dei same som for elevar som følgjer hovudmodellen.

Praksiskandidatordninga gjev høve til å ta fagprøve eller sveineprøve utan læretid i bedrift. Dette krev ein allsidig praksis som er minst 25 prosent lengre enn den fastsette læretida i faget.

### 3.1. Færre søkerar til lærepllass

Det var om lag 14 200 søkerar til lærepllass i år 2000. Det er ein reduksjon på i overkant av 300 søkerar frå året før. Den fylkesvise fordelinga viser at det er forskjellar i utviklinga mellom fylkeskommunane. Finnmark og Troms hadde den største relative tilbakegangen. Oslo og Rogaland hadde om lag 4 prosent fleire søkerar enn i 1999. Tabell 3.2 viser at det er stadig færre søkerar over 20 år som søker lærepllass. Det er 12 prosent færre søkerar over 20 år i 2000 enn i 1999.

### 3.1. Søkerar<sup>1</sup> til lærepllass, etter bustadfylke. 1998-2000

Bustadfylke	1998	1999	2000
I alt .....	<b>15 755</b>	<b>14 480</b>	<b>14 176</b>
Østfold .....	960	895	871
Akershus .....	1 077	946	905
Oslo .....	757	684	713
Hedmark .....	708	602	554
Oppland .....	659	616	547
Buskerud .....	769	694	683
Vestfold .....	620	616	609
Telemark .....	708	656	597
Aust-Agder .....	492	426	397
Vest-Agder .....	714	704	707
Rogaland .....	1 596	1 464	1 522
Hordaland .....	1 735	1 596	1 608
Sogn og fjordane .....	430	444	454
Møre og Romsdal .....	994	847	879
Sør-Trøndelag .....	1 045	980	957
Nord-Trøndelag .....	657	589	543
Nordland .....	1 036	911	922
Troms .....	578	583	512
Finnmark .....	220	227	196

<sup>1</sup> Søkerar ved fellesinntaket.

Kjelde: LINDA-inntak/KUF.

### 3.2. Søkerar<sup>1</sup> til lærepllass, etter alder. 1998-2000

Alder	1998	1999	2000
I alt .....	<b>15 755</b>	<b>14 480</b>	<b>14 176</b>
Under 17 år .....	5	5	5
17 år .....	146	85	85
18 år .....	9 267	8 783	8 613
19 år .....	3 356	3 036	3 064
20 år .....	942	840	885
21-25 år .....	1 246	1 002	910
26 år og eldre .....	793	729	614

<sup>1</sup> Søkerar ved fellesinntaket.

Kjelde: LINDA-inntak/KUF


### 3.2. Nye lærekontraktar

I 1999 vart det inngått i overkant av 15 000 nye lærekontraktar. Av desse vart 58 prosent teikna med ungdommar med rett til vidaregåande opplæring. Av alle kontraktane vart 32 prosent teikna med jenter. Delen jenter har halde seg stabil dei siste åra. Frå 1996 til 1997 auka delen av lærlingar med rett til vidaregåande opplæring frå 40 til 58 prosent. Sidan 1997 har delen med rett vore relativt stabil med ein reduksjon frå 58 til 60 prosent frå 1998 til 1999.

### 3.3. Løpende lærekontraktar

Totalt har talet på løpende lærekontraktar auka sterkt dei siste 10 åra. I 1990 var det i underkant av 21 000 kontraktar, i 1999 var talet kome opp i over 30 000. Det var ein stor auke frå 1996 til 1997. Det meste av denne auken kjem av at reformelevane teikna lærekontraktar i fullt omfang.

**Figur 3.1. Nye lærekontraktar og løpende lærekontraktar. 1990-1999**



<sup>1</sup> Ein lærekontrakt er løpende frå læretidas start til læretidas slutt. Lærekontraktar er ikkje løpende etter læretidas slutt, sjølv om prøve ikkje er avgjort.  
Kjelde: Tala for 1990-1995 er henta frå SASA. For 1996-1999 er kjelda LINDA-fagopplæring/KUF.

### 3.4. Fag- og sveineprøver

Fag- og sveineprøve kan gjennomførast av:

- Lærlingar som har avslutta læretida si i bedrift
- Elevar som har fått avsluttande opplæring i skolen som alternativ til lærepass
- Personar som kan dokumentere lang og allsidig praksis i lærefaget (praksiskandidatar)

Sett under eitt var det langt færre som gjennomførte fag- og sveineprøver i 1999 enn i 1998. I 1999 var det om lag 29 000 personar som gjennomførte fag- og sveineprøve. Dette er om lag like mange som i 1997, men langt færre enn i 1998. Frå 1998 til 1999 var reduksjonen på 24 prosent. Den største reduksjonen, med heile 42 prosent, var blant praksiskandidatar. Litt av årsaka til det høge talet på praksiskandidatar, i 1998 var at det vart annonsert at det var siste gongen det var mogleg å gå opp til fag- og sveineprøve etter gammal ordning. Dette førte til at fleire melde seg til prøva. Talet på elevar som tok prøva etter alternativ opplæring i skolen, blei også færre i 1999. Talet på lærlingar som gjennomførte fag- og sveineprøver i 1999, var 14 433. Dette var ein auke på 1 300, eller nesten 10 prosent frå 1998.

I 1999 klarte 92 prosent av alle kandidatane prøva. Dette er 1 prosentpoeng høgare enn i 1998 og 6 prosentpoeng høgare enn i 1997. Praksiskandidatane har den høgaste delen med bestått av alle kandidatane. Blant elevane er delen bestått lågare enn for dei andre gruppene.

**3.3. Fag- og sveineprøve<sup>1</sup>, etter type og bestått. 1996-1999. Absolutte tal og prosent**

År	Fag- og sveineprøver				Prosent bestått			
	I alt	Lærlingar	Praksiskandidatar	Elevar <sup>2</sup>	I alt	Lærlingar	Praksiskandidatar	Elevar
1996 .....	19 339	8 521	9 193	1 133	85	86	89	80
1997 .....	28 330	9 211	16 817	2 302	86	87	89	61
1998 .....	37 997	13 145	23 263	1 589	91	92	93	62
1999 .....	28 731	14 433	13 408	890	92	92	95	67

<sup>1</sup> Dersom ein person tek fleire prøver i perioden, er alle forsøk talde med. <sup>2</sup> Elevar som har avgjort fag- og sveineprøve etter fullført opplæring i skole.  
Kjelde: LINDA-fagopplæring.

# 4. Oppfølgingstenesta

Oppfølgingstenesta har som formål å sørge for at all ungdom som tilhører målgruppa til oppfølgingstenesta, får tilbod om opplæring, arbeid eller anna gjermål. Tilboden som blir formidla skal primært ta sikte på å føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller dokumentert delkompetanse innanfor vidaregående opplæring.

Fylkeskommunen skal gjennom oppfølgingstenesta sørge for:

- Oversikt over målgruppa
- At ungdommene i målgruppa blir kontakta
- At dei får tilbod om rettleiing
- At dei får eit tilbod i tråd med formålet
- Gje ei oversikt over aktuelle tilbod for målgruppa
- Følgje opp ungdom som har teke imot tilbod gjennom oppfølgingstenesta

Målgruppa for oppfølgingstenesta er ungdom med rett til vidaregående opplæring som ikkje har søkt, teke imot, eller har avbrote vidaregående opplæring, og som heller ikkje er i varig arbeid. Oppfølgingstenesta si målgruppe utgjorde 1. juni 2000 13 425 elevar med rett til vidaregående opplæring, dvs. 8,5 prosent av alle elevar med rett til vidaregående opplæring. Samanlikna med tala for 1999 er det i år 1 388, eller 11 prosent fleire elevar som er registrerte i oppfølgingstenesta. I overkant av 5 prosent har i løpet av skoleåret teke imot eit tilbod om opplæring eller arbeid. 2 prosent av rettselevane var framleis under opplæring per 1. juni. Den resterande delen har anten takka nei til tilboden eller ikkje blitt oppspora av oppfølgingstenesta.

Delen ungdommar med rett til vidaregående opplæring som er i arbeid eller utdanning har halde seg stabil dei siste åra. Delen elevar som sluttar i løpet av skoleåret har også halde seg stabil dei siste åra.

**4.1. Fylkeskommunale oppfølgingstenester, etter oppfølgingstilbod 1. juni 1997-2000<sup>1</sup>**

	1997	1998	1999	2000
Ungdom med rett til vidaregående opplæring .....	159 534	160 546	158 891	157 406
Oppfølgingstenesta si målgruppe .....	10 386	12 495	12 037	13 425
Oppfølgingstenesta si målgruppe i prosent .....	6,5	7,8	7,8	8,5
Av dette følgt opp slik i prosent:				
Framleis under oppfølging av oppfølgingstenesta .....	24,7	22,6	26,4	23,0
I vidaregående opplæring i eige fylke .....	14,7	12,4	10,3	24,7
Individuelt tilpassa kombinerte tilbod (skole/praksis), ikkje fast organisert .....	4,9	4,4	5,6	6,0
Tilbod frå arbeidsmarknadsetaten .....	16,5	14,7	11,3	8,6
Mellombels arbeid; arbeidsforhold som i utgangspunktet ikkje er eit fast arbeid .....	26,9	28,6	30,2	24,5
Takka nei til tilbod og oppfølging .....	7,6	9,8	10,1	7,5
Ukjend, ikkje oppspora .....	4,6	7,6	6,1	5,6

<sup>1</sup>Tala gjeld for skoleåra 1996/97-1999/2000.

Kjelde: KUF.

**4.2. Nøkkeltal frå oppfølgingstenesta i vidaregående opplæring. 1. juni 1997-2000<sup>1</sup>**

	1997	1998	1999	2000
Talet på ungdommar med rett til vidaregående opplæring .....	159 534	160 546	158 891	157 406
Del ungdommar med oppfølgingsbehov .....	6,5	7,8	7,6	8,5
Del ungdommar i arbeid eller utdanning .....	97,0	96,0	95,0	96,0
Del ungdommar som sluttar i vidaregående opplæring .....	3,5	4,0	4,0	3,9

<sup>1</sup>Tala gjeld for skoleåra 1996/97-1999/2000.

Kjelde: KUF.

# 5. Val av yrkesfag og allmennfag i Noreg

I denne delen av publikasjonen blir kurs som rekrutterer til studiekompetanse omtala som «allmennfag», og kurs som rekrutterer til yrkeskompetanse som «yrkesfag». På grunn av nasjonale forskjellar mellom landa som blir samanlikna, vil det ikkje vere heilt dei same kursa som inngår i dei to kategoriene i alle landa. Forskjellane er likevel så små at det er forsvarleg å gjere samanlikningar mellom landa.

## 5.1. Halvparten av elevane på yrkesfag og halvparten på allmennfag

Den vidaregåande opplæringa kan delast i to hovuddelar: Studieretningar som fører fram til studiekompetanse (allmennfag) og studieretningar som fører fram til yrkeskompetanse (yrkesfag). Følgjande studieretningar gjev studiekompetanse:

- Allmenne, økonomiske og administrative fag (med unntak av kontorfag, butikkfag, resepsjonsfag og IKT driftsfag)
- Musikk, dans og drama
- Idrettsfag.
- VK II naturforvaltning innanfor studieretning for naturbruk
- VK II teikning/form/farge innanfor studieretning for formgjevingsfag.

Dei resterande studieretningane fører normalt fram til yrkeskompetanse etter tre heile opplæringsår, anten som tre år i skole eller strekt over fire år i hovudmodellen.

Ein av hovudmålsetjingane med Reform 94 var å gjere fagopplæringa til ein integrert del av utdanningssystemet. Opplæring i skole og bedrift hadde vore regulert under ulike lover avhengig av målgruppene, og det var dårleg organisatorisk samanheng mellom opplæring i skole og bedrift. Mange av utdanningsløpa førte ikkje fram til studie- eller yrkeskompetanse, og det var større kapasitet på grunnkurs enn på dei vidaregåande kursa. Høve til påbygging var avgrensa, og mange flytta seg sidelengs i systemet. Eitt av vedtaka i Reform 94 var at det skal vere ein god samanheng mellom opplæring i skole og bedrift. Tilbodsstrukturen er blitt enklare og meir oversiktleg, og det er betre høve for elevane/lærlingane til å flytte frå ei utdanning som fører fram til yrkeskompetanse til å fullføre ei utdanning som gjev studiekompetanse.

Elevfordelinga mellom grunnkurs på allmennfag og yrkesfag som fører fram til yrkeskompetanse og studieretningar som fører fram til studiekompetanse har halde seg etter måten stabil sidan innføringa av Reform

5.1. Elevar på grunnkurs, etter type kurs. 1. oktober 1997-1999. Absolitte tal og prosent<sup>1</sup>



	1997	1998		1999		
		Elevar	Prosent	Elevar	Prosent	
I alt .....	62 097	100	61 298	100	59 715	100
Grunnkurs som rekrutterer til studiekompetanse .....	30 315	48,8	29 646	48,4	29 018	48,6
Grunnkurs som rekrutterer til yrkeskompetanse .....	31 782	51,2	31 652	51,6	30 697	51,4

<sup>1</sup> inkluderer elevar på private, statlege og fylkeskommunale vidaregåande skolar. Deltidselever er omrekna til heiltidsekvivalenter og inkludert. Alle tala er avrunda til nærmaste heile tal.  
Kjelde: LINDA-inntak

94. Om lag halvparten av elevane går i dei ulike retningane.

Tabell 5.1 inneholder berre oversikt over elevane på grunnkurs. På grunnkurs er det lett å skilje elevtalet på dei to retningane. Det blir meir komplisert på VK I og VK II nivå. Dette heng saman med det som er nemnd tidlegare om at det er nokre elevar som startar på ein studieretning, men skiftar til ein annan studieretning undervegs. Det har også vore ein auke i talet på elevar i allmennfagleg påbygging. Dette fører til ein vriding mot fleire elevar som ender opp med studiekompetanse. Fordelinga mellom dei to retningane vil også vere avhengig av korleis strukturen er lagd opp og kva som rekrutterer til dei ulike kompetanseslagene.

Søkinga til grunnkurs viser at det er ein større del søkerar enn elevar som ønskjer å gå i yrkesfaglege løp. Fordelinga blant søkerar har vore stabil dei siste tre åra, med 54 prosent av søkerane til yrkesfaglege studieretningar.

## 5.2. Stadig fleire tek allmennfagleg påbygging

Kurset allmennfagleg påbygging har gjeve elevar på yrkesfag høve til å få studiekompetanse. Det er to vegen å gå for å nå denne kompetansen. Den eine vegen er å ta eit vidaregåande kurs II allmennfagleg påbygging som rekrutterer frå alle vidaregåande kurs I innan yrkesfaglege utdanningsløp. Den andre vegen går gjennom ei påbygging etter eit treårig yrkesfagleg løp i skole eller fag- og sveinebrev. Dei som har fullført og bestått yr-

**5.2. Søkjarar til grunnkurs, etter type kurs. 1. mars 1998-2000. Absolitte tal og prosent**



	1998		1999		2000	
	Søkjarar	Prosent	Søkjarar	Prosent	Søkjarar	Prosent
I alt .....	<b>63 846</b>	<b>100</b>	<b>61 432</b>	<b>100</b>	<b>62 086</b>	<b>100</b>
Grunnkurs som rekrutterer til studiekompetanse .....	29 130	45,6	28 222	45,9	27 949	45,0
Grunnkurs som rekrutterer til yrkeskompetanse .....	34 716	54,4	33 210	54,1	34 137	55,0

Kjelde: LINDA-inntak/KUF.

kesfagleg opplæring, kan oppnå studiekompetanse ved å ta eit tillegg på normalt 20 veketimar i felles allmennfag.

Det har vore ein sterk auke i talet på elevar som nyttar dette høvet til å oppnå studiekompetanse. Det vil derfor vere ein vriding frå yrkesfaglege studieretningar til allmennfaglege studieretningar på VK II i forhold til grunnkurset. 1997 var det første året det var mogleg å ta dette kurset for elevane med rett til vidaregåande opplæring, og dette året var det 4 012 elevar. I 1999 var det 5 292 elevar på kurset. Dei fleste av elevane kjem frå VK I i skole, men nokre tek også kurset etter å ha fullført fag- og sveinebrev. Talet på søkerarar til kurset auka med meir enn 12 prosent frå 1998 til 1999. Frå 1999 til 2000 har talet på søkerarar vore relativt stabilt.

**5.3. Søkjarar og elevar til allmennfagleg påbygging 1997-2000**

**5.4. Del elevar i studieretningar som fører til studiekompetanse, etter bustadfylke. 1997 og 1999. Prosent**



Bustadfylke	1997	1999
Østfold .....	45	44
Akershus .....	56	58
Oslo .....	57	59
Hedmark .....	46	45
Oppland .....	41	44
Buskerud .....	52	49
Vestfold .....	51	50
Telemark .....	47	47
Aust-Agder .....	50	50
Vest-Agder .....	46	45
Rogaland .....	48	46
Hordaland .....	47	46
Møre og Romsdal .....	48	49
Sogn og fjordane .....	45	47
Sør-Trøndelag .....	48	47
Nord-Trøndelag .....	42	42
Nordland .....	44	42
Troms .....	50	51
Finnmark .....	53	45

Kjelde: LINDA-inntak/KUF.

mark er det over 60 prosent søkerarar til yrkesfaglege studieretningar. Oslo og Akershus har også her dei lågaste delane med høvesvis 48 og 45 prosent.

**5.4. Gutar og jenter vel framleis tradisjonelt**

Det er om lag like mange gutter som jenter i vidaregåande opplæring. Om lag 45 prosent av jentene på grunnkurs er elevar på yrkesfaglege studieretningar. Det er store forskjellar i kjønnsfordelinga mellom dei ulike studieretningane. Jentedelen på dei ulike studieretningane varierer frå i underkant av 2 prosent på byggfag til om lag 90 prosent på helse- og sosialfag. Totalt sett er det 55 prosent jenter på studieretningane som fører fram til studiekompetanse.

**5.5. Stor variasjon i gjennomstrøyminga**

Forskinga rundt Reform 94 viser at det er store forskjellar mellom studieretningane når det gjeld gjennomstrøyminga. Blant rettselevar i 1994-kullet på yrkesfaglege studieretningar hadde om lag 70 prosent fullført eit kompetansegevande kurs etter fire år. Det er også forskjellar mellom dei yrkesfaglege løpa. Dei som kjem därlegast ut, er mekaniske fag og hotell- og næringsmiddelfag der berre rundt 60 prosent av elevane med rett ser ut til å fullføre innanfor dei ordinære uttaksrammene for retten. På dei tre studieretningane som fører fram til studiekompetanse følgde elevane eit meir rettlinja løp. Etter fire år hadde i underkant av 93 prosent av elevane med rett fullført løpet på desse studieretningane.

Også blant elevar utan rett er det forskjellar mellom studieretningane, men skilnadene er ikkje så store som for rettselevane. På allmennfaglege kurs var om lag halvparten av elevane forseinka mens på yrkesfaglege studieretningar var 60 prosent forseinka i vidaregåande opplæring eller hadde avbrote.

Kjelde: LINDA-inntak/KUF.

**5.3. Flest tek allmennfag i Oslo og Akershus**

Det er til dels store lokale forskjellar når det gjeld delen elevar i dei to retningane. Tabell 5.4 viser at det er ein større del som tek allmennfag i større byar. Oslo og Akershus har dei klart største delane med elevar i allmennfag. I Oslo gjekk 59 prosent av elevane på grunnkurs i studieførebuande studieretningar i 1999, i Akershus var tilsvarende tal 58 prosent. I desse fylka har det vore ein auke frå 1997 til 1999 på 2 prosentpoeng. Den lågaste delen elevar i allmennfag har fylka Nord-Trøndelag og Nordland med 42 prosent. For landet under eitt er det berre ein marginal utvikling frå 1997 til 1999.

Dei fleste fylkeskommunane har fleire søkerarar til yrkesfaglege studieretningar enn det elevtala viser. I Hed-

# 6. Internasjonale samanlikningar om vidaregåande opplæring

## 6.1. Organisering og utdanningslengd varierer

Sjølv om vidaregåande opplæring i hovudtrekk er delt inn i allmenn- og yrkesfag, er det variasjon i korleis utdanningane blir organiserte i dei europeiske landa. I Noreg er det t.d. mogleg å ta mesteparten av yrkesutdanninga i bedrift, men det er også mogleg å gjennomføre mesteparten av yrkesutdanninga i skole. Dei fleste landa har ulike og heilt eigne ordningar for korleis studia er lagde opp; innhaldet varierer og utdanningslengda er forskjellig.

I enkelte land som Belgia, Spania og Irland kan elevane fullføre i same utdanningsinstitusjon, det som i Noreg svarer til ungdomstrinnet i grunnskolen og vidaregåande skole. Til vanleg må dei som tek yrkesfagleg utdanning, skifte skole i desse landa, men dei som orienterer seg mot allmennfaga i vidaregående utdanning, treng ikkje å gå over i andre utdanningsinstitusjonar. I Storbritannia skil dei ikkje mellom det som i Noreg blir kalla for ungdomstrinnet i grunnskolen og vidaregåande skole. Denne utdanninga er der eit femårig løp.

Talet på år i vidaregåande opplæring varierer. I nokre land varar opplæringa i inntil fem år, mens andre land har eit maksimum på tre år.

Land som t.d. Tyskland, Nederland og Østerrike, har ulike utdanningsløp fram til vidaregåande opplæring. Elevane kan velje mellom ulike retningar å fordupe seg i allereie i den obligatoriske grunnskolen. I Belgia, Spania, Italia, Østerrike, Storbritannia, Ungarn og Slovakia tek den vidaregåande opplæringa til når ein er 14 år. I dei fleste europeiske land begynner elevane i vidaregåande opplæring når dei er 15-16 år. Elevane avsluttar opplæringa når dei er rundt 20 år i nesten alle land.

## 6.2. Yrkesfag mest vanleg

I dei fleste europeiske land vel majoriteten av elevane yrkesfag. I Tyskland, Østerrike, Tsjekkia og Slovakia var over 75 prosent av det totale elevtalet, registrert på yrkesfag. Irland og Kypros peikar seg ut i motsett retning, med over 75 prosent av elevane på allmennfag.

6. 1. Fordelinga av elevar på allmenn- og yrkesfag (i tusen). Skoleåret 1996/97



Land	Fag	
	Allmennfag	Yrkesfag
Belgia .....	224,3	479,0
Danmark .....	107,6	119,1
Tyskland .....	721,6	2 320,5
Hellas .....	275,1	135,4
Spania .....	1 825,6	900,0
Frankrike .....	1 163,9	1 453,5
Irland .....	153,7	36,1
Italia .....	791,2	1 959,8
Luxembourg .....	4,7	9,5
Nederland .....	215,3	449,8
Østerrike .....	100,9	312,5
Portugal .....	334,7	114,4
Finland .....	123,9	140,6
Sverige .....	242,0	257,3
Storbritannia .....	1 942,9	2 435,3
Island .....	12,1	5,7
Liechtenstein .....	0,2	0,9
Noreg .....	87,8	124,7
Bulgaria .....	153,5	206,6
Tsjekkiske rep. ....	75,9	436,6
Estland .....	37,8	22,0
Latvia .....	49,6	35,4
Litauen .....	81,7	45,6
Ungarn .....	194,5	405,3
Polen .....	793,2	1 936,9
Romania .....	334,6	793,8
Slovenia .....	26,4	90,4
Slovakia .....	65,6	278,7
Kypros .....	23,5	4,6

Kjelde: EUROSTAT, UOE.

I Noreg var det i skoleåret 1996/97 ei overvekt av gutter i vidaregåande opplæring som tok yrkesfag, mens fordelinga blant jentene var noko jamnare på allmenn- og yrkesfag. I alle land når ein ser bort frå Storbritannia, var det registrert fleire jenter enn gutter på allmennfag. Biletet varierer noko meir på yrkesfag, men i dei fleste landa er gutane i overvekt.

**6.2. Fordelinga av elevar på allmenn- og yrkesfag, etter kjønn (i tusen). Skoleåret 1996/97**



Land	Fag			
	Allmennfag		Yrkesfag	
	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
Belgia .....	103,5	120,8	250,0	229,0
Danmark .....	46,9	60,8	65,6	53,6
Tyskland .....	328,8	392,8	1 296,2	1024,3
Hellas .....	123,1	152,0	81,7	53,7
Spania .....	873,8	951,8	449,8	450,2
Frankrike .....	515,6	648,3	820,9	632,6
Irland .....	74,0	79,7	16,2	19,9
Italia .....	344,3	446,9	1 039,2	920,6
Luxembourg .....	2,1	2,6	4,9	4,6
Nederland .....	100,9	114,4	251,1	198,7
Østerrike .....	48,8	52,1	172,4	140,1
Portugal .....	151,8	182,9	63,2	51,2
Finland .....	51,8	72,2	68,6	72,0
Sverige .....	94,3	147,7	129,4	127,9
Storbritannia .....	980,3	962,6	1 052,0	1383,3
Island .....	5,2	6,9	3,9	1,8
Liechtenstein .....	0,1	0,1	0,5	0,3
Noreg .....	38,8	49,0	73,6	51,1
Bulgaria .....	51,0	102,5	128,4	78,1
Tsjekkiske rep .....	31,0	44,9	223,4	213,2
Estland .....	15,6	22,2	12,8	9,2
Latvia .....	19,5	30,1	19,5	16,0
Litauen .....	33,6	48,1	26,2	19,4
Ungarn .....	79,5	115,0	216,9	188,4
Polen .....	273,2	520,1	1086,1	850,8
Romania .....	108,6	226,0	453,4	340,3
Slovenia .....	10,4	16,0	47,3	43,1
Slovakia .....	27,3	38,3	143,7	135,0
Kypros .....	10,0	13,0	4,0	1,0

Kjelde: EUROSTAT, UOE.

**6.3. Fleire jenter enn gutter fullfører vidare-gåande**

I alle land fullførte fleire jenter enn gutter allmennfagleg vidaregåande opplæring i skoleåret 1996/97. I Noreg var det i skoleåret 1996/97 om lag 1,4 jenter per gutt som fullførte allmennfagleg studieretning. I Romania, som hadde den største skeivfordelinga, fullførte over dobbelt så mange jenter som gutter ein slik studiereitung dette skoleåret. Den lågaste skeivfordelinga hadde Irland med 1,1.

Tabell 6.4 viser talet på elevar utan omsyn til aldersgruppe som fullførte vidaregåande utdanning i forhold til folketaket i typisk fullføringsalder (for Noreg er dette 18 til 19 år). Delen i Noreg som fullførte ei allmennfagleg utdanning var på 70 prosent, og delen på yrkesfag var 68 prosent. Dette er i begge tilfella høgare enn gjennomsnittet for alle OECD landa, som hadde ein fullføringsrate på høvesvis 42 prosent på allmennfaga og 47 prosent på yrkesfaga. Dette var atskilleg høgare enn både Sverige og Finland. Noreg var på topp i OECD for både allmennfaglege og yrkesfaglege studiereutningar.

For jentene i Noreg var fullføringsraten 86 prosent for allmennfaga og 49 prosent for yrkesfaga. Når det galdt allmennfaga, låg Noreg på topp i OECD, mens vi for yrkesfaga sin del berre heldt oss litt over gjennomsnittet.

**6.3. Talet på jenter per 100 gutter som har oppnådd generell studiekompetanse (i tusen). Skoleåret 1996/97**



Land	Kjønn		
	Jenter	Gutter	Rate <sup>1</sup>
Belgia .....	14,2	11,3	125,0
Danmark .....	20,1	13,7	146,7
Tyskland .....	120,8	99,5	121,4
Hellas .....	45,6	36,8	123,9
Spania .....	148,8	122,4	121,6
Frankrike .....	150,0	107,4	139,7
Irland .....	31,6	28,0	112,9
Italia .....	84,4	64,2	131,5
Østerrike .....	8,1	6,1	132,8
Portugal .....	43,4	32,9	131,9
Finland .....	20,2	14,5	139,3
Sverige .....	15,7	10,2	153,9
Island .....	1,2	0,8	150,0
Noreg .....	15,5	11,2	138,4
Bulgaria .....	26,4	13,0	203,8
Tsjekkiske rep .....	14,5	9,5	152,6
Estland .....	6,4	4,3	148,8
Latvia .....	9,2	5,3	173,6
Litauen .....	13,8	9,3	148,4
Ungarn .....	50,5	37,6	134,3
Polen .....	115,8	55,2	209,8
Romania .....	53,6	25,0	214,4
Slovenia .....	3,6	2,1	171,4
Slovakia .....	9,9	6,4	154,7

<sup>1</sup> Rate er talet på jenter per 100 gutter. Raten blir rekna ut ved å dividere talet på jenter med talet på gutter, og deretter multiplisere med 100.

Kjelde: EUROSTAT, UOE.

**6.4. Alle elevar som fullførte vidaregående utdanning i forhold til folkemengda i «typisk fullføringsalder». Skoleåret 1997/98. Prosent**



Land	Allmennfag		Yrkesfag	
	Begge kjønn	Jenter	Begge kjønn	Jenter
Østerrike .....	17	20	80	68
Belgia .....	34	39	64	64
Tsjekkiske rep .....	13	16	67	67
Finland .....	54	65	60	62
Frankrike .....	35	41	68	62
Tyskland .....	34	37	60	59
Hellas .....	56	65	27	23
Ungarn .....	24	30	71	67
Island .....	54	64	54	36
Irland .....	80	86	15	16
Italia .....	26	34	62	60
Japan .....	70	74	26	24
Sør-Korea .....	53	49	37	41
Luxembourg .....	22	25	40	
Mexico .....	26		4	
Nederland .....	37	40	56	56
New Zealand .....	62	67	34	40
Noreg .....	70	86	68	49
Polen .....	30	41	65	56
Portugal .....	44	50	12	12
Spania .....	43	49	25	26
Sverige .....	42	45	37	37
<b>Gjennomsnitt .....</b>	<b>42</b>	<b>49</b>	<b>47</b>	<b>46</b>

Kjelde: OECD.

---

#### **6.4. Kor mange har utdanning på vidaregåande skolenivå ?**

Utdanningsnivået i befolkninga er eit viktig uttrykk for utviklingsnivå og utviklingspotensiale i eit land. Utdanningsnivået til befolkninga i ulike samfunn er også ein indikator som er lett å samanlikne.

I aldersgruppa 25-64 år var det i 1998 i Noreg litt fleire menn enn kvinner som hadde fullført minimum vidaregående utdanning; 84 prosent av mennene og 82 prosent av kvinnene. Med fullført vidaregåande utdanning meiner vi ikkje nødvendigvis fullført treårig vidaregåande utdanning. Noreg er eitt av dei landa i OECD der størst del av befolkninga har fullført ei utdanning på dette nivået. I aldersgruppa 25-54 år var det om lag like mange kvinner og menn som hadde fullført vidaregående utdanning, i aldersgruppa 55-64 år var det ein markert forskjell. I denne aldersgruppa hadde 69 prosent av mennene og 61 prosent av kvinnene fullført minimum vidaregåande utdanning. Få andre OECD-land kunne i 1998 vise til eit så jamnt utdanningsnivå for menn og kvinner som Noreg.

**6.5. Delen i befolkninga som har oppnådd eit spesifikt utdanningsnivå, etter aldersgrupper og kjønn.  
Skoleåret 1997/98. Prosent**



Land	Kjønn	Minimum vidaregåande-skolenivå				
		25-64 år	25-34 år	35-44 år	45-54 år	55-64 år
Australia	Menn .....	63	69	66	61	54
	Kvinner .....	49	60	50	43	35
Østerrike	Menn .....	80	87	84	76	68
	Kvinner .....	66	80	71	60	46
Belgia	Menn .....	57	71	60	53	37
	Kvinner .....	56	76	61	49	31
Canada	Menn .....	78	86	81	77	62
	Kvinner .....	79	88	84	77	59
Tsjekkia	Menn .....	91	93	92	90	86
	Kvinner .....	80	91	84	78	63
Danmark	Menn .....	81	85	80	83	73
	Kvinner .....	76	86	79	72	60
Frankrike	Menn .....	64	75	66	61	47
	Kvinner .....	58	76	61	51	35
Finland	Menn .....	67	82	76	61	43
	Kvinner .....	69	86	80	63	40
Tyskland	Menn .....	89	89	90	89	86
	Kvinner .....	79	86	84	78	66
Hellas	Menn .....	45	63	51	39	27
	Kvinner .....	43	68	52	33	17
Ungarn	Menn .....	68	79	77	72	34
	Kvinner .....	58	76	68	57	28
Island	Menn .....	63	61	65	65	55
	Kvinner .....	48	60	50	42	27
Irland	Menn .....	48	63	52	39	30
	Kvinner .....	54	71	60	42	32
Italia	Menn .....	43	52	50	40	23
	Kvinner .....	40	57	49	30	16
Japan	Menn .....	80	92	90	77	60
	Kvinner .....	80	95	93	78	54
Korea	Menn .....	74	93	79	59	42
	Kvinner .....	57	91	61	30	13
Mexico	Menn .....	21	24	24	18	10
	Kvinner .....	21	28	23	14	7
Nederland	Menn .....	69	73	70	68	61
	Kvinner .....	60	75	65	51	39
New Zealand	Menn .....	75	79	78	74	64
	Kvinner .....	70	79	76	64	53
Noreg	Menn .....	84	92	88	79	69
	Kvinner .....	82	93	88	78	61
Polen	Menn .....	57	63	61	56	43
	Kvinner .....	51	61	56	50	32
Portugal	Menn .....	18	25	18	14	10
	Kvinner .....	22	32	21	15	13
Spania	Menn .....	35	50	39	27	17
	Kvinner .....	31	56	36	18	8
Sverige	Menn .....	74	87	77	70	59
	Kvinner .....	78	88	83	76	61
Sveits	Menn .....	87	92	86	87	83
	Kvinner .....	76	85	79	72	60
Tyrkia	Menn .....	23	30	26	18	10
	Kvinner .....	12	19	13	8	3
Storbritannia	Menn .....	70	68	72	72	64
	Kvinner .....	50	55	51	47	39
USA	Menn .....	86	87	87	87	80
	Kvinner .....	87	89	89	88	79
<b>Gjennomsnitt</b>	<b>Menn .....</b>	<b>64</b>	<b>72</b>	<b>67</b>	<b>61</b>	<b>50</b>
	<b>Kvinner .....</b>	<b>58</b>	<b>72</b>	<b>63</b>	<b>52</b>	<b>38</b>

Kjelde: OECD.

**Vedleggstabell 1. Eigne primærskjarar<sup>1</sup> til grunnkurs, etter alder og studieretning. 2000**



Studieretning	I alt	Under 17 år	17 år	18 år	19 år	20 år	21-25 år	26 år og eldre
<b>I alt .....</b>	<b>64 880</b>	<b>49 657</b>	<b>6 847</b>	<b>2 756</b>	<b>1 499</b>	<b>923</b>	<b>1 473</b>	<b>1 725</b>
Allmenne-, økonomiske og administrative fag .....	22 321	20 688	889	250	138	86	139	131
Musikk, dans og drama .....	2 879	2 461	269	74	39	15	16	5
Idrettsfag .....	2 749	2 525	173	33	13	1	4	0
Helse og sosialfag .....	6 262	3 486	832	388	241	185	399	731
Naturbruk .....	1 428	1 005	202	71	33	20	43	54
Formgjevingsfag .....	7 210	4 997	1 103	389	192	119	185	225
Hotell- og næringsmiddelfag ....	3 499	2 233	606	245	123	72	119	101
Byggfag .....	2 562	1 869	353	138	53	39	73	37
Tekniske byggfag .....	892	578	146	64	34	14	29	27
Elektrofag .....	5 698	4 694	529	153	61	45	117	99
Mekaniske fag .....	4 617	3 044	825	352	131	83	113	69
Kjemi- og prosessfag .....	357	232	25	14	7	15	27	37
Trearbeidsfag .....	321	156	43	29	13	6	22	52
Media- og kommunikasjonsfag	638	517	64	23	14	6	11	3
Sal og service .....	653	458	97	39	23	9	17	10
Tilrettelagt opplæring .....	2 794	714	691	494	384	208	159	144

Kjelde: LINDA-inntak/KUF.

**Vedleggstabell 2. Elevar<sup>1</sup> i vidaregående opplæring, etter alder, kurstrinn og studieretning. 1. oktober 1999**



Studieretning	I alt	Under 17 år	17 år	18 år	19 år	20 år	21-25 år	26 år og eldre
<b>I alt .....</b>	<b>164 228</b>	<b>49 021</b>	<b>48 575</b>	<b>38 089</b>	<b>8 306</b>	<b>3 541</b>	<b>6 659</b>	<b>10 037</b>
<b>Grunnkurs .....</b>	<b>59 715</b>	<b>47 381</b>	<b>6 679</b>	<b>1 808</b>	<b>878</b>	<b>486</b>	<b>1 061</b>	<b>1 422</b>
Allmenne, økonomiske og administrative fag .....	25 179	22 444	1 303	312	192	125	315	488
Musikk, dans og drama .....	1 594	1 394	151	31	4	8	6	0
Idrettsfag .....	2 245	2 102	126	14	1	1	1	0
Helse- og sosialfag .....	6 750	4 069	1 132	418	236	132	284	479
Naturbruk .....	1 520	1 085	233	62	28	12	35	65
Formgjevingsfag .....	5 517	4 051	879	233	87	47	104	116
Hotell- og næringsfag .....	3 359	2 210	687	215	76	40	74	57
Byggfag .....	2 354	1 636	464	114	55	25	47	12
Tekniske byggfag .....	802	549	140	44	17	12	21	19
Elektrofag .....	4 088	3 449	414	78	32	16	44	55
Mekaniske fag .....	5 447	3 878	1 032	242	117	45	83	50
Kjemi- og prosessfag .....	431	313	38	16	14	5	18	27
Trearbeidsfag .....	429	203	79	28	18	18	29	54
<b>Vidaregående kurs I .....</b>	<b>54 499</b>	<b>688</b>	<b>40 391</b>	<b>6 715</b>	<b>1 720</b>	<b>728</b>	<b>1 521</b>	<b>2 736</b>
Allmenne, øk. og adm. fag .....	24 213	497	20 604	2 007	339	148	210	407
Musikk, dans og drama .....	1 390	30	1 172	159	18	3	7	2
Idrettsfag .....	2 009	16	1 852	111	13	8	8	2
Helse- og sosialfag .....	6 919	28	3 466	994	354	174	538	1 364
Naturbruk .....	1 327	7	789	196	70	37	60	168
Formgjevingsfag .....	4 472	47	3 030	797	249	81	126	142
Hotell- og næringsfag .....	2 458	11	1 408	541	162	66	126	145
Byggfag .....	2 341	5	1 645	405	88	32	74	92
Tekniske byggfag .....	794	5	500	133	55	21	43	37
Elektrofag .....	3 483	27	2 774	421	80	38	81	61
Mekaniske fag .....	4 283	12	2 720	863	256	89	153	189
Kjemi- og prosessfag .....	394	1	248	30	20	11	45	39
Trearbeidsfag .....	416	1	182	58	17	19	50	89
<b>Vidaregående kurs II .....</b>	<b>42 597</b>	<b>9</b>	<b>634</b>	<b>28 825</b>	<b>5 120</b>	<b>1 709</b>	<b>2 518</b>	<b>3 782</b>
Allmenne, øk. og adm. fag .....	31 175	5	502	21 485	3 653	1 301	1 753	2 477
Musikk, dans og drama .....	1 383	3	49	1 121	173	24	10	3
Idrettsfag .....	1 942	1	23	1 716	173	18	10	1
Helse- og sosialfag .....	2 797	0	16	1 188	261	132	337	863
Naturbruk .....	1 056	0	4	485	195	74	134	163
Formgjevingsfag .....	2 202	0	27	1 531	395	94	95	61
Hotell- og næringsfag .....	47	0	0	10	14	5	7	11
Byggfag .....	59	0	2	8	14	3	21	11
Tekniske byggfag .....	221	0	1	139	34	13	19	15
Elektrofag .....	1 164	0	9	877	130	19	51	78
Mekaniske fag .....	520	0	2	262	76	23	74	84
Kjemi- og prosessfag .....	0	0	0	0	0	0	0	0
Trearbeidsfag .....	31	0	0	3	1	3	8	15
Teknisk fagskole .....	3 580	0	1	12	134	337	1 362	1 734
Tilrettelagt opplæring .....	3 798	943	870	729	454	281	177	345
Utanfor studieretning .....	39	0	0	0	0	1	19	19

<sup>1</sup>Inkluderer elevar på private, statlege og fylkeskommunale vidaregående skolar. Deltidselevar er omrekna til heiltidsekvivalentar og inkludert. Alle tala er avrunda til nærmeste heile tal.

Kjelde: LINDA-inntak/KUF.

**Vedleggstabell 3. Skolar og klassar<sup>1</sup>. 1990-1999**

År	Skolar	Klassar
1990 .....	739	11 690
1991 .....	692	11 507
1992 .....	650	11 807
1993 .....	617	11 126
1994 .....	606	11 073
1995 .....	543	10 346
1996 .....	535	10 231
1997 .....	531	10 177
1998 .....	515	9 678
1999 .....	505	9 255

<sup>1</sup> Inkluderer skolar og klassar med studiekompetansegejvande studieretningar og yrkeskompetansegejvande studieretningar.

Kjelde: Talet på skolar: VSI. Talet på klassar 1990-1995: VSI, etter 1996: LINDA-inntak.

**Vedleggstabell 4. Vidaregående opplæring. Løpende lærekontraktar, etter lærefylke. 31. desember 1993-1999**

Lærefylke	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999
<b>I alt .....</b>	<b>18 991</b>	<b>21 247</b>	<b>22 657</b>	<b>25 836</b>	<b>30 268</b>	<b>31 793</b>	<b>30 657</b>
Østfold .....	757	941	1 022	1 283	1 608	1 639	1 552
Akershus .....	1 258	1 482	1 660	1 734	1 969	1 936	1 823
Oslo .....	1 918	2 268	2 480	2 571	2 842	2 735	2 602
Hedmark .....	448	459	520	779	884	931	863
Oppland .....	842	827	927	986	1 101	1 122	1 157
Buskerud .....	883	1 092	1 104	1 200	1 370	1 422	1 368
Vestfold .....	998	1 192	1 266	1 378	1 660	1 824	1 941
Telemark .....	697	759	891	1 035	1 195	1 224	1 149
Aust-Agder .....	489	549	533	809	809	762	730
Vest-Agder .....	903	1 095	1 125	1 197	1 407	1 559	1 403
Rogaland .....	2 606	2 393	2 259	2 935	3 955	4 113	3 846
Hordaland .....	2 283	2 622	2 711	2 929	3 380	3 729	3 645
Sogn og Fjordane .....	567	641	674	664	754	835	832
Møre og Romsdal .....	1 003	1 198	1 379	1 591	1 772	1 806	1 727
Sør-Trøndelag .....	967	1 083	1 277	1 427	1 661	1 975	1 989
Nord-Trøndelag .....	535	525	547	747	835	960	959
Nordland .....	959	1 143	1 195	1 302	1 581	1 667	1 611
Troms .....	523	564	657	886	1 084	1 129	1 046
Finnmark .....	355	414	430	383	401	425	414

Kjelder: Tala for 1993-95 er henta frå SASA. Tala for 1996-1999 er henta frå Linda-fagopplæring.

**Vedleggstabell 5. Omfang av elevar og lærlingar, etter bustadfylke. Prosent av eit årskull. 1. oktober 1993-1999.**



Bustadfylke	1993	1994	1995	1996	1997 <sup>1</sup>	1998 <sup>1</sup>	1999
<b>Heile landet .....</b>	<b>391</b>	<b>377</b>	<b>366</b>	<b>369</b>	<b>357</b>	<b>350</b>	<b>339</b>
Østfold .....	397	388	365	358	351	349	342
Akershus .....	379	364	351	357	349	338	333
Oslo .....	392	376	377	354	377	363	348
Hedmark .....	425	399	379	358	353	340	334
Oppland .....	420	393	389	373	361	358	341
Buskerud .....	395	370	360	356	356	346	330
Vestfold .....	390	367	359	374	366	362	343
Telemark .....	404	393	388	377	365	347	332
Aust-Agder .....	369	368	364	363	336	332	318
Vest-Agder .....	343	344	345	379	359	376	333
Rogaland .....	354	359	356	389	353	347	344
Hordaland .....	388	382	366	383	358	352	335
Sogn og Fjordane .....	359	352	351	351	332	327	323
Møre og Romsdal .....	384	380	371	381	366	341	325
Sør-Trøndelag .....	430	403	374	361	357	358	353
Nord-Trøndelag .....	416	402	390	382	365	371	356
Nordland .....	390	375	361	376	349	349	336
Troms .....	408	386	373	361	357	348	357
Finnmark .....	414	388	377	355	371	347	349

<sup>1</sup> Inkluderer lærlingar med enkelttilskott som fylkeskommunane har teke økonomisk ansvar for.

Kjelde: LINDA-inntak/KUF.